



Norconsult Norge AS
v/Fride Spjelkavik Larsen

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Dato
		Eirin Kongestøl Espeland, 917 61 815	13.03.2024

Detaljregulering for AF Miljøbase Vats med sjøområde i Vats- og Yrkefjorden - Varsel om oppstart av planarbeid og høring av planprogram – uttale

Sør-Norges Fiskarlag er eit medlemslag i Norges Fiskarlag som organiserer yrkesfiskarar og fiskefartøy frå Møre og Romsdal til Østfold fylke. Våre medlemar driv fiske langs kysten og til havs.

Visar til varsel om oppstart av planarbeid og høring av planprogram i forbindelse med detaljregulering for AF Miljøbase Vats med sjøområde i Vats- og Yrkefjorden. Planen gjeld i både Vindafjord og Tysvær kommune.

Ein minnar om Norges Fiskarlag sin uttale, i samarbeid med Fiskarlaget Vest (no Sør-Norges Fiskarlag) og Tysvær Fiskarlag, frå 12.09.2013 til detaljregulering for sjøområda i Vats og Yrkefjorden.

Føresetnadar for yrkesfiske

Fiskerinæringa haustar av overskotet av naturressursar i havet og er ikkje berre avhengig av god økologisk forvaltning, men òg god arealforvaltning. Utøvinga av fiske endrar seg ut frå mellom anna miljø, reguleringar, etterspurnad og tilgjengelegheit. Fiskeria er strengt regulert i eit berekraftsperspektiv av dei sentrale styresmaktene, basert på kunnskap, forskning og samarbeid nasjonalt og internasjonalt. Yrkesfiskarane driv med andre ord hausting og verdiskaping av overskotet av ressursane i sjø. Desse ressursane utgjer svært klimavenleg og sunn mat, i tillegg blir delar av ressursane vidareforedla og nytta i anna næringsverksemd.

Akkurat som at livet i sjø ikkje forhold seg til kommunegrenser, blir det òg drive kystfiske på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Det er dermed viktig å sjå heilheitlege verknadar av tiltak og ta omsyn til lokale, regionale og nasjonale interesser. Sjølv om fiskeria er dynamiske, har ein òg naturgjevne område. Ein ønskjer i den samanheng å peike på nødvendigheita av å bevare viktige fiskeområde.

I tillegg er fiskerinæringa avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt. Dette er òg avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

Fiske i Yrkefjorden og Vatsfjorden

I Norges Fiskarlag sin uttale frå 2013 blei det vist til den nasjonale og historiske betydninga av Yrkefjorden i fiskerisamanheng. Fjorden har spesielle geografiske og oseanografiske forhold som gjer området svært fiskerikt.

Yrkefjorden og Vatsfjorden er aktivt brukt i fiske på fast basis av både lokale og regionale fiskarar, året rundt. Området er òg nasjonalt viktig då det kjem fiskarar frå andre regionar og landsdelar for å fiske i området. Trass fluktuasjonar frå år til år i fiskemengde, kvotar og tilgjengelegheiten av artar, er Yrkefjorden gjennomgåande eit svært viktig fjordsystem for fiske. Utforminga av Vindafjordssystemet med Yrkefjorden mot vest og Vatsfjorden er svært unik og bidrar til miljøvenleg og effektivt fiske av særleg pelagiske artar med not (makrell, hestmakrell og sild), men det blir òg drive fiske garn etter kvitfiskartar og teinefiske etter mellom anna leppefisk. Det er tradisjonar for fiske etter makrell med sitjenot som er eit svært effektivt og berekraftig fiskeri med lite drivstoffutgifter. Notfangstar blir òg låssatt i fjordane i påvente av føringsfartøy.

Eit utval fangstdata frå enkelte fartøy visar at det i fjor blei fangsta fisk tilsvarande over 11 200 daglege fiskemåltid i Yrkesfjorden og Vatsfjorden. Minnar om at dette berre er eit utval fangstar og tilsvarer ikkje alt fiske i desse to fjordane.

Fiskeridirektoratet sine sporingsdata illustrerer noko av notfisket i området, men det gir ikkje eit heilheitleg perspektiv over tid då det er manglar i data utfyllande data for den minste kystflåten. Det har kun vore påbudt sporing for flåten 11-15m sidan 01.07.2022 og for flåten 10-11m sidan 01.07.2023. Merk at grunna leveringsproblem fekk ikkje alle på plass sporing frå start. Flåten u/10 m har enda ikkje krav om sporing. Dataene som per i dag ligg inne i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy visar foreløpig ikkje data for 2024.

Detaljreguleringsplan AF Miljøbase Vats

I planomtalen står det om detaljreguleringa at «*Formålet er å leggja til rette for utvikling av framtidretta industri tilknytt offshore vind i samband med etablering av havvind i Nordsjøen*». Det er ønska å utvide areal (på land og til sjøs) for produksjon og lagring av fundament til offshore vindturbinar, samt montering og mellomlagring av ferdige turbinar. Det blir opplyst i planomtalen at det er aktuelt med produksjon av både flytande og botnfaste fundament.

Det er planlagt utviding av dagens industriverksemd med uttak av massar for planering av terreng og etablering av kaverne i fjellgrunnen for lagring av betong. Det blir opplyst i planomtala at massane er planlagt å bli brukt i produksjon og til utfylling i sjø. Det står at:

«Nødvendig areal for masseuttak er anslått til 150 000 m². Dette gir mulighet for et uttak av masser på 2-3 millioner m³, hvorav ca. 750 000 m³ av massene ligger innenfor tidligere regulert område.»

I tilknytning til sjø er det tenkt:

- Gåsevika – etablering av nedsetjingsområde for lekter og ny kai. Det står vidare i planomtalen at:

«Avhengig av kailøysing som blir valt vil det kunna vera behov for fjerning av massar og fjerning av undervasskjer utanfor miljøbasen. Dette for å sikra tilstrekkeleg manøvreringsareal inn og ut av området».

- Raunesvika – vurdert ny kai som kan påverke dagens kommunale renseanlegg. I tillegg er det aktuelt med utviding av eksisterande djupvasskai i området for 32 meter djupne ved kaifront.
- Raunes – utvide kaifronten på Raunes, samt utvide lagrings- og mottaksareal.
- Yrkefjorden og Vatsfjorden – lagring av vindturbinar og flytande fundament. Det kan vere aktuelt med lagring av opp mot 30 einingar. Desse er tenkt å bli forankra i land. Ved behov kan det bli aktuelt med ankring i sjøbotn. Det er illustrert forankringssystem med 3 ankerfester i land per turbin. I planomtalen står det:
«Mellom konstruksjonar i sjø og ankerfeste på land vil fortøyingslinene liggja med tilstrekkeleg djupn for at skip kan passera. Farleia vil derfor haldast open, men det vil vera restriksjonar på fiske i periodar der konstruksjonar i sjøen mellomagres»
- I tillegg til utviding i tilknytning til ovannemnde planar er det tenkt at:
«...dagens verksemd med demontering, seksjonering og gjenvinning av offshoreinstallasjonar og andre marine konstruksjonar bli vidareført og utviklast for betre å kunna ta i mot skip og andre flytande konstruksjonar for gjenvinning . Reguleringsplanen skal også leggja til rette for vidareføring av eksisterande industriaktivitet på området.»

I gjeldande plan er det tillate med oppankring av totalt to installasjonar samtidig, éin i Yrkesfjorden og éin i Vatsfjorden. I ny plan er det ønskeleg å lagre opp mot 30 installasjonar samtidig. Ein vil understreke arealbeslaget dette medfører, samt peike på at ei eventuell auke ikkje må føre til ei skjult utviding av dagens næringsaktivitet til oppankring av andre installasjonar enn fundament og vindturbinar.

Konsekvensutgreiing

Sør-Norges Fiskarlag føreset at det blir gjort eit grundig og utfyllande arbeid i forbindelse med konsekvensutgreiinga. I denne forbindelse vil ein peike på følgjande tema som må belysast og utgreiast:

- Vassmiljø – visar til «Regional vannforvaltningsplan for Rogaland vannregion 2022 – 2027» og at Yrkefjorden og Vatsfjorden står på lista over område som har behov for tiltak. Tilstanden må belysast og det må klargjerast korleis det er tenkt ein skal nå desse måla med eksisterande og ved auka industriaktivitet i fjorden. Det må vurderast effekt på fiskerinæringa og sjømattrygghet ved forverring og langvarig dårleg vasskvalitet. Fiskerinæringa haustar av overskotet av dei marine ressursane og er dermed avhengig av eit godt og velfungerande økosystem.
 - o Yrkesfjorden – den kjemiske tilstanden i Yrkefjorden er klassifisert som «dårlig»¹. Det er mål om at tilstanden skal kvalifiserast som «god» innan 2027. I tiltaksprogrammet for Rogaland vannregion står det:
«I vannforekomsten Yrkefjorden er det dårlig kjemisk tilstand. AF Offshore Decom har utslipp til denne fjorden, og jobber med å redusere utslipp av PFAS (perfluorerte stoffer, blant annet brukt i brannskum) fra anlegget. Miljødirektoratet har spilt inn tiltak om utslippsreduksjon. Det er likevel

¹ www.vann-nett.no

usikkert om miljømålet nås i Yrkefjorden ettersom det er funnet høye konsentrasjoner av kvikksølv i biota, som sannsynligvis kommer fra en annen kilde. Videre tiltaksorientert overvåking vil vise om tilstanden i vannforekomsten blir forbedret eventuelt om ytterlige tiltak må settes inn.»

- Vatsfjorden – den økologiske tilstanden er klassifisert som «moderat» og den kjemiske tilstanden som «dårlig»¹. Det er mål om at begge skal nå miljømålet «god» innan 2027.
- Fiskeri som næringsaktivitet – utbygging i sjø, lagring av fundament og vindturbinar vil hindre dagens yrkesfiske. Fisket som foregår her dannar store delar av driftsgrunnlaget for mange aktørar og fartøy lokalt og regionalt i Rogalandsområdet. I tillegg er området viktig i nasjonalt perspektiv, særleg når det er tilsig av NVG-sild i området, men òg etter andre artar. Avgrensa tilgong til areala eller endringar i økosystemet vil få store negative konsekvensar for yrkesfiske. Følgjande må òg utgreiast:
 - Effektar av beslag/fortrenging av område (inkl. fortøyningar og fester) som mellom anna vil føre til auka press på gjenverande område og auka ressursbruk i form av til dømes større leiteaktivitet og drivstoffbruk.
 - Effektar/ytterlegare fortrenging av fiskeriaktivitet som følgje av auka trafikk, ikkje bare i Yrkefjorden og Vatsfjorden, men òg trafikk via andre fjordar og fiskefelt ved sleping av vindturbinar til feltet og anna liknande aktivitet.
 - Ringverknadar – Bortimot alle fartøy som driftar i området har mannskap om bord og fangstar blir levert lokalt/regionalt. Det er ein gjensidig avhengigheit mellom kystfiskarar og lokale mottak. Utstyr, reiskap, tenester og proviantar blir kjøpt lokalt (der det er mogleg) og regionalt. Fortrenging av yrkesfiske frå området vil dermed kunne få negative ringverknadar ut over kun for fartøyeigar.

Praksis og prinsipp for sameksistens

Offshore Norge og Norges Fiskarlag presenterte i juni 2023 prinsipp for sameksistens mellom havvind og fiskeri, og ei dreiebok for anbefalt praksis mellom fiskeri og havvind². Som Regjeringa og andre styremakter har presisert, blir det òg her påpeika at «det er avgjerande at satsing på havenergi let seg forene med god sameksistens med fiskerinæringa». Dette prinsippet og dei andre prinsippa føreset ein at blir teke omsyn til i alle stadier og nivå tilknytta utbygging av vindkraft til havs.

Planane som er lagt fram i detaljreguleringa, vil føre til fortrenging av fiskerinæringa og er ikkje ei oppskrift på god sameksistens.

Ein visar til Tysvær kommune og føresegn til kommuneplanen sin arealdel punkt 10.3 Yrkefjorden, og påpeiker at det er positivt at fiskeinteresser er tatt omsyn til. Sør-Norges Fiskarlag føreset at fiskeriinteressene blir godt ivareteke og at fiskeriinteressene blir tidleg involvert og lytta til i det vidare arbeidet i både Vindafjord kommune og Tysvær kommune.

Med helsing
Sør-Norges Fiskarlag

Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

² <https://www.offshorenorge.no/om-oss/nyheter/2023/12/dreiebok/>

Kopi: Tysvær Fiskarlag
Tysvær kommune
Vindafjord kommune
Fiskeridirektoratet
Kystverket
Statsforvalteren i Rogaland
Rogaland Fylkeskommune

Vedlegg: Kart
Regulering i Vats- og Yrkjefjorden - Høringsuttalelse fra Norges Fiskarlag (12.09.2023)

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven signatur.

